



**Notat**

Dato: 23.05.2016  
Arkivsak: 2014/291-75  
Saksbehandlar: biraase

---

Til: Fylkesutvalet

---

Frå: Fylkesrådmannen

---

## **Vedr bruk av mellombelse tilsetjingar i Hordaland fylkeskommune**

Fylkestinget vedtok i mars 2016 at Hordaland fylkeskommune skal praktisere arbeidsmiljølova sin §14-9 om bruk av mellombelse tilsetjingar slik lova var *før* endringa 1. juli 2015.

Hovudregelen i Hordaland fylkeskommune er at tilsetjingar skal skje i faste stillingar. I samband med rullering av skulebruksplanen kan det likevel i nokre få tilfelle vere hensiktsmessig å kunne tilsetje i tidsavgrensa mellombels stilling, slik gjeldande aml § 14-9 f) opnar for. Dette kan til dømes vere for å sikre forsvarleg drift og undervisningstilbod ved ein skule som er vedteken lagt ned frå eit gitt tidspunkt. Det vert understreka at slik mellombels tilsetjing berre vil skje unntakvis.

Fylkesrådmannen legg til grunn at gjeldande aml § 14-9 f) kan nyttast i samband med handsaminga av skulebruksplanen ved dei skulane som konkret er omfatta av planen.